Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tilleggsliste til  Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr. no 7. Skav.  Herad: Erfjord.

Emne:  Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Fårvik.  Gard: Hamra

(adresse): Vik i Erfjord.  G.nr. 56  Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein betalte ikkje meir for kyr som hadde fått skav enn for kyr som ikkje hadde fått skav, fortel bonde Lars Hamra. Han er 82 år gamal og i yngre år handla han med krötör. (Kretur segjer ein her.

2. Lars Hamra fortel at han sjölv hadde kjöpt naut som hadde svart kjöt. Det var feitet som vart svart, både feitet utanpå og innfeita og feitet mellom muskelvevet. Slaktarane i Stavanger var sinte når dei fekk slikt kjöt. Dei kalla krötöra for skav-kü eller skavstut, då det viste seg at dei slakta dyra hadde svart kjöt. Dett (kjötet var vanskelegt å selja.

Han hadde ikkje höyrt at skav frå visse slags tre var verre enn andre; men meinte

9995

at alt skav gav svart kjöt.
3. Det var vanleg tru og røyn-
sle her at mjölk frå kyr som
fekk skav var gift for
små lom. Alelam kalla ein dei.
Det var lom som mórene var
dauða i frå eller som mórene
ikkje vilde ha. dei ala opp med
kumjölk (mjilk seier ein her)
Dei måtte ikkje gi den kunå
skav som dei tok mjölk av
til alelamme eller til alelammå.
Lars Hamra nemde ikkje at
mjölk frå kyr som hadde fått
skav var fårleg for kalvar
eller smågriser.
Det var alle slag skav som
hadde slik verknad.
4. Har ikkje høyrt at dei
hadde noko visst mål på kor
mykje dei skru skava. dei som skov
årvisst. og det gjorde dei
alle her som hadde skavskog.
Dei skov om kveldane og då
det var rûskeversdagar.
Dei tok marka-börar med seg
om kveldane då dei kom av
skogen. dei køyrde og marka
heim med hest og sle.
Dei byrja skava frå hausten
av. Vart det ryrt med høyet
so nytta dei meir skav og anna
skogafor. Vart våraske seine
so skov dei meir enn i tidlege
eller vanlege vårar.

9995

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Johan Nevöy fortalde. han eig garden Nevöy i Sand herad, at dei på sume mindre gardar skav og bruka anna skogafor so mykje at dei hadde meir for av dette foret enn av det som dei hausta heime på garden. Han fortalde og at på garden Tengesdal i Sand var det for omlag 70 år sidan fire menneske i arbeid med skaving heile vinteren.

Det var mannen sjölv og to drenger og ei gjenta.

Der var visst skavet hovudforet, men på den garden har dei nok skove meir enn vanlegt.

Ein kjenner ikkje til nokon liknande regel her som i Vest-Agder

5. Vinkelen på kolskavlane var ikkje like dei kunde variera.

Bladet var böygt, men ein har ikkje höyrt at ein bruka kolskavlane til ymse utholnings arbeid.

6. Ein har ikkje höyrt at ein nytta den stauren som ein stöia skavljåen mot til arbeid med bandstakar eller anna arbeid.

7. Dei flesste gardane her i bygda har skavskog. Ein har ikkje höyrt at ein på dei skavskog lause gardane kjöpte eller leigde

9995
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

skavskog.
8. Det er ikkje kjent i vår bygd at det ved deling av sameigeskog vart teke omsyn til skavinga. Det har vore lite eller ikkje av slik deling her.
9. Ålmenning er her ikkje.
10. Husmennene hadde ikkje rett til å ta skav i skogen til husbonden sin.
11. Ordet skav-hella kjenner ein ikkje her.
12. Har ikkje høyrt at det var vanleg tru at gardsmessen kunde setja skavet på skavveden att dersom ein hadde slarva med skavinga.

Husmenne fekk skav av husbonden sin stundom. Og dei hadde jamnast rett til å ta den skavskogen som vaks på plasset. Den skavskogen som dei fekk var skog som låg avsides og langt av leid og som hadde lite eller ikkje verde for husbonden sjølv.

9995
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING